

# Vedlegg til navnesak Tysbotn

Tor Stallvik  
Vågavegen 5  
2680 Vågå

Vågå 23. september 2011

Bjugn kommune  
v/Bjørnar Groven  
7160 Bjugn

## OM SKRIVEMÅTEN AV TYSSBOTN

Eg viser til brev om saka. Det har vore ei hektisk sommartid med mykje reising, så eg har ikkje fått gjeve svar før no, dessverre langt over fristen.

Sjølv om gården som sjølvstendig bruk er av heller nyare dato, ligg Tysbotn i eit område med spor av sært gammal busetnad og menneskeskapt aktivitet. Derfor trur eg namnet har svært gammalt opphav. At det i 1800-talskjelder er skrive Tyskbotn, er nok ei mistolking og utan samanheng med "tysk".

Den lokale uttalen er tyssbotn, med kort y-lyd. Slik sett ville ein skrivemåte med dobbel s vere i samsvar med lokal bruk, men det vil sjølvstendig veke uvant. Med ein 's kan ein komme inn under den såkalla tre-konsonantregelen: når eindobbelkonsonant blir følgt av ein ny konsonant, blir dobbelkonsonanten forenkla. Stokksund/Stoksund er eit slikt døme.

I mi hovudoppgåve set eg fram teorien om at namnet går tilbake på bukta utafor garden. Ho deler seg i to innst inne: Den tvedelte botnen, og har sett \*Tyssir som eit teoretisk opphavleg "fjordnamn" på bukta. (Jamført Tyin i Oppland.) Om den teorien kan forsvarast, vil også Tyss- med dobbelt s vere aktseptabel skrivemåte.

Når det gjeld ubestemt eller bestemt for, botn- b otnen, uttalte alle mine eldre heimelsmenn namnet i ubunden for: Æ ska ro åt tyssbotn. Men hos unge folk kunne eg høre: Æ ha vorre i Tyssbotne. Professor Olav Beito har vist døme på at gernusskifte (skifte av grammatisk kjønn) frå hankjønn botn-botnen til inkjekjønn botn-botnet, ikkje er uvanleg.

### Konklusjon:

Eg vil rå til at namnet blir skrive i ubunden for, men er meir usikker på enkel eller dobbelt s. Men etter at spørsmålet vart reist gjennom brevet frå kommunen, har Tyssbotn som skriftbilde vorte ei form eg trur eg kan bli fortruleg med.

Med helsing  
Tor Stallvik

**Navnesak Tysbotn, ref. Bjørnar Groven**

Hei, dette var det jammen kort frist på! Mandagsklubben har sommerferie, og Hallstein likeså. Det jeg skriver må derfor stå for egen regning. Hvis uttalen av dette navnet skal være retningsgivende for skrivemåten, må det bli **Tyssbotnet**. Alle jeg har hørt uttale navnet uttaler det med kort y. Og jeg har aldri hørt noe annet enn intetkjønnsform brukt på denne plassen. Med vennlig hilsen Sturla

Side 1 av 1

Etter en urimelig frist for å svare angående navnesak for gården Tysbotn sender undertegnede svar tilbake og påpeker at skrivemåten skal være slik den alltid har vært. Gamle dokument og uttalelse tilsier ingen forandring av nåværende navn. Når det gjelder forandringer på veinavn i området er dei siste forslagene mere fornuftige med tanke på tilhøriget. Men jeg er stor motstander av å forandre Gjølga til Gjølja i kartverket. Vi som har Gjølga til etternavn vil ha et stedsnavn på kart og en adresse som er det samme som etternavnet vårt  
Hilsen Per Johan Gjølga